

# Bestemorhuset på Hedlo

– Ein treng ikkje reisa langt for å finna den gode feriestaden, seier Rune Hellen. Han har funne sitt paradiset på Goddo; i huset der far hans vaks opp. Det tar han 25 minuttar å dra på «hytta».

Tekst: KRISTINE SELE

**BØMLO:** Sommarpatruljen set kursen ut mot havet. Målet er Hedlo på vestsida av Goddo. Naturen endrar seg til nakne berg og snaufjell. Ei og anna bjørk prøver seg i eit landskap ofte piska av vind og ver.

Men så, etter nokre minuttars gange, er me framme på ein lun og idyllisk liten gard mot Drageidkanalen. Eit blomsterflor gjev ei vakker ramme til eit kvitmåla hus frå 1920-åra.

Hedlo har vore i Rune Hellen si slekt nokre ættled. Sjølv hugsar han berre bestemor, Hanna Hellen. Ho vart enkje i 1940 og sat att med ein barneflokk på åtte.

– Bestemor budde lenge her saman med ein ugift son, og det var kjekt for oss born å koma hit på besøk. Særleg då me var små var dette ein spanande stad, her fekk me også vera ute i båt. Ja, det var kjekt å vera hjå besto, smiler han.

Stort flatt berg Hedlo var den gong eit småbruk, der også fiske var ei viktig inntektskjelde. Konene dreiv med alt heime, medan mennene var på sjøen. Slik var livet til fiskarbonden i tidlegare tider.

Grunnen til at garden fekk namnet Hedlo er ikkje vanskeleg å skjønna: Den er oppkalla etter eit kjempestort flatt berg nedafor huset.

– Etternamnet vårt, Hellen, er ei finare form av Hedlo, som garden alltid er blitt kalla, seier han, som

var odelsgut og kjøpte garden i 1996.

Han starta med det viktigaste for å ta vare på huset; skifta vindaugo, tak og skorstein. Etter kvart har han skifta bordkledning, felt tre og rydda ute.

– Eg prøver å halda det ved like. Har faktisk fått grøne fingrar etter at eg kjøpte Hedlo, smiler han.

Rune Hellen har alltid jobba i matvarebutikk, som tilsett, medegar og eigar. I 2004 selde han Rimibutikken han dreiv i Kuben i Hol-

## «For meg er det medisin å koma hit ut»

Rune Hellen

lundsaldalen, og har sidan investert både tid og pengar i Hedlo.

– For meg er det medisin å koma hit ut, seier han som ikkje trur at familien kjem til å flytta ut for godt.

– Då må i alle fall utedoen bli bytta ut med meir moderne bekvemlegheter, trur han.


### Hyttegrend

Dei siste åra har Rune Hellen etablert Hedlo hyttegrend, og sel tomter i utmarka si.

– Der er plass til 24 hytter, 16 er alt selde. To hytter er ferdige. Folk kjem frå Stord, Haugesund, Bergen og Bømlo for å skaffa seg hytteparadis her ute på Goddo. Alle får båt-plass eller naust i eit spanande naustmiljø ved sjøen, fortel han, som nett er ferdig med å lage kai i naturstein frå Valevåg.


– Det skal bli veldig fint, lovar han.

kristine.sele@haugesunds-avis.no



STOR NELLE: Eit kjempestort flatt berg nedafor huset har gitt namnet til garden Hedlo. Rune Hellen kjøpte staden i 1996.

FOTO: GRO ELJN LØHNE SANDE



TERMOMETER: Gammelt termometer. Detalj frå bestemorhuset på Hedlo



EI ANNA VERD: – For meg er det å koma hit ut som å koma i ei anna verd, seier Rune Hellen. Her i stova der bestemor Hanna levde. FOTO: GRO ELJN LØHNE SANDE